

A

Smalahove på Sunnfjordhytta 21.–22. okt.

Det går slag i slag
på hyttene i haust.
Ikkje før har folk
fått i seg ost, kjeks
og anna godt på
Nordfjordhytta, så
blir det smalahove
m.m. å få på **Pust-**
ut laurdag 21.
oktober.

Ta med høveleg
drikke til fest-
maten ca kl. 19
laurdags kvelden.

Folk må pga. maten melda seg på etar-
gildet til Agnar Hegrenes,
tlf. 924 96 438 (gjerne på sms) eller
agnar.hegrenes@nibio.no
seinast onsdag 18. oktober.

Prisen vert også i år **200 kr per person**,
300 for dei som overnattar til søndag.
Kaffi og kaker er medrekna.

Sunnfjordhytta Pustut ligg ved Sinober i Lillomarka. Du kan gå sti anten frå Snippen eller Movatn (på Gjøvikbana) eller grusveg frå Sagtomta i Nittedal (RV4 til skilting 'Lillomarka').

TUREN TIL SOGN OG SUNNFJORD i september får fyldig omtale i neste nr. av bladet.




FOTO: Agnar K. ©

SMALAHOVE TIL BORDS: So god stemning er det på Sunnfjordhytta
når det ei helg kvar haust kjem smalahove, kålrot og poteter på bordet.

Dei som vil overnatta, må ta med sove-
pose/lakenpose og frukostmat og drikke.
Laurdagen byd også på ei overrasking.

Me ynskjer alle som kan og vil, vel-
komne til eit godt måltid svidne smala-
hove frå Ivar Løne på Voss, med kålrot,
poteter – og flatbrød til!

Agnar Hegrenes




TRE FJORDAR
LAGSBLAD FOR: **SGN OG FJORDANELAGET** | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2017

ÅRGANG 32



*Kom på klubbefesten 4. november -
bli med på den store
jubileumsfeiringa!*

Sogn og Fjordanelaget i Oslo ynskjer alle hjarteleg velkomne til

den store *Jubileumsfesten* – den 90. *KLUBBEFESTEN* laurdag 4. november 2017 kl 19.00

I år feirar vi trippel jubileum på den årvisse og tradisjonsrike Klubbefesten i Storsalen!!!

Festen vart stelt i stand fyrste gong i 1923.

Og Sogn og Fjordanelaget i Oslo vart skipa i 1987, altså 30 år sidan!

Den eldste jubilanten på festen er likevel

Austrheim Musikk-lag frå Gloppen – dei rundar 100 i år!!

Dei er eit av dei aller eldste spelemannslaga i heile landet, har spela både heime og ute i årevis og gledt særsla mange.

I 2007 spelar dei i alle 26 kommunane i fylket vårt. I år har dei spelat i alle våre fylke og **toppar det heile med å spele på haustfesten vår – stort!**

Dei spelar allsidig og god dansemusikk – også med swing og tango iblanda.



Austrheim Musikk-lag spelar seg nordover med Hurtigruta i juni i år. FOTO: Margrethe Henden Aaraas ©

Sogn og Fjordanelaget er 30 år: I 1987 slo vi saman Sognelaget, Sunnfjordlaget og Nordfjordlaget, som lenge hadde samarbeidt godt under nemninga SO-SU-NOR. Laga har også hatt leikarringen Sogn og Fjordaneringen felles heilt frå den vart skipa i 1954.

Jon Tvinnereim skal halde festtalen, med eit skrålakk på både Nordfjord, heimfylket – og kanskje på Klubbefesten? Tvinnereim er frå Randabygda, historikar av fag og ein framifrå talar. Han har vore rektor på Høgskulen i Volda og forskingsleiar ved Møreforskning, skrive mange bøker og fleire artiklar.

FOTO: frå nettet



Nordfjorden, historikar Jon Tvinnereim held festtale.

Klubbefesten, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskyld, samlar folk ved festpynta langbord i Storsalen **for 90. gong!**

Det vert truleg den siste store i sitt slag...

Klubben/raspeballane blir laga på byggmjøl steinmale på vassdriva kvern av Erik Ivar på Ulvedal i Stryn, og vert servert med kjøt og kålrot, sirup og skyr. Kaffi og konfekt vankar det attpå. Og allsongen vil nok ljome i Storsalen, både Klubbevisa, Nordfjordsongen og litt til!

Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns gate 22, laurdag 4. november kl. 19!

Påmelding og pris:

Festen kostar berre 300 kr. for medlemmer og 450 kr. for andre.

Det er svært rimeleg for full middag, fyrsteklasses underhaldning og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist er onsdag 25. oktober.

Meld dykk på anten til: Jofrid Holter, e-post: jofrid.holter@hioa.no tlf. 975 91 542,

eller til Anny Sollid: e-post: anny.solid@online.no

Og er me skikkeleg heldige, får me **Leif Inge Underdal** som festleiar – ein kar som kan nett det!

Ver hjarteleg velkommen på klubbe-/komle-/raspekake-/raspeballfest! Kjær mat har mange gode namn – og glir lett ned halsen...